



STORTINGET

Innst. 251 S

(2025–2026)

Innstilling til Stortinget
fra utenriks- og forsvarskomiteen

Dokument 8:130 S (2025–2026)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Geir Pollestad, Trygve Slagsvold Vedum, Bjørn Arild Gram og Bent-Joacim Bentzen om Svalbard

Til Stortinget

Innledning

I dokumentet fremmes følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2027 legge frem en oppdatert plan for Svalbard, som skal legge opp til økt innbyggertall, reduserte bo- og levekostnader, fornying av infrastruktur, styrket beredskap og et sterkere lokalsamfunn.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslaget.

Komiteens behandling

Sakens dokumenter er tilgjengelige på sakssiden på stortinget.no.

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Rune Bakervik, Tonje Brenna, Nils-Ole Foshaug, Monica Nielsen og Trine Lise Sundnes, fra Fremskrittspartiet, Himanshu

Gulati, Morten Kolbjørnsen og Sylvi Listhaug, fra Høyre, Peter Frølich, Erna Solberg og lederen Ine Eriksen Søreide, fra Sosialistisk Venstreparti, Kirsti Bergstø, fra Senterpartiet, Trygve Slagsvold Vedum, fra Rødt, Bjørnar Moxnes, fra Miljøpartiet De Grønne, Arild Hermstad, fra Kristelig Folkeparti, Jonas Andersen Sayed, og fra Venstre, Abid Raja, viser til Dokument 8:130 S (2025–2026) om representantforslag om Svalbard samt uttalelse fra justis- og beredskapsministeren.

Komiteen merker seg at forslagsstillerne tar til orde for en oppdatert plan for Svalbard med sikte på økt innbyggertall, reduserte bo- og levekostnader, fornyelse av infrastruktur, styrket beredskap og et sterkere lokalsamfunn.

Komiteen viser til at regjeringen allerede har lagt frem en helhetlig politikk for Svalbard gjennom Meld. St. 26 (2023–2024), som ble behandlet av Stortinget i 2024. Komiteen merker seg at Stortinget sluttet seg til hovedlinjene i denne meldingen, herunder at Longyearbyen ikke skal vokse ytterligere.

Komiteen viser videre til at utviklingen av Longyearbyen som familiesamfunn innebærer betydelige kostnader for staten, og at det samtidig er begrensninger i tilgjengelige og skredsikre arealer for boligbygging.

Komiteen merker seg at flere av tiltakene som foreslås – herunder oppgradering av infrastruktur, reduksjon av bo- og levekostnader og styrking av beredskap og lokalsamfunn – allerede er under oppfølging eller varslet vurdert av regjeringen.

Komiteen viser også til at bevilgningene til svalbardformål er betydelig økt, og at Stortinget løpende orienteres om utviklingen gjennom de årlige svalbardbudsjettene.

Komiteen understreker viktigheten av et fortsatt sterkt statlig engasjement på Svalbard og at god koordinering mellom ulike sektorer er avgjørende for en helhetlig og bærekraftig utvikling. Komiteen viser til at oppfølgingen av svalbardpolitikken skjer gjennom etablerte prosesser, herunder de årlige budsjettproposisjonene.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til behandlingen av Meld. St. 26 (2023–2024), jf. Innst. 36 S (2024–2025), der Fremskrittspartiet fremmet forslag om å legge til rette for videre gruvedrift på Svalbard. Fremskrittspartiet viste i sine merknader også til utfordringene knyttet til kraftsituasjonen. Disse medlemmer oppfatter at de vedvarende utfordringene til vann- og boligsituasjonen fortsatt ikke har en løsning, og mener dette er politiske utfordringer som må adresseres så raskt som mulig.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet, Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre minner om at Senterpartiet hadde statsråden med koordinerende ansvar for Svalbard da regjeringen la frem en melding til Stortinget om Svalbard i juni 2024, og at denne meldingen inneholdt om lag 90 forslag til tiltak. Disse medlemmer merker seg at Senterpartiet mindre enn to år senere ser behov for en ny plan for Svalbard.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre viser videre til Innst. 36 S (2024–2025), hvor Høyre, Rødt, Venstre og Kristelig Folkeparti foreslo å be

«(...) regjeringen rapportere til Stortinget om fremdriften på de ulike tiltakspunktene i svalbardmeldingen (2023–2024) senest i forbindelse med fremlegging av forslaget til svalbardbudsjett for 2026.»

Arbeiderpartiet stemte mot forslaget, og det ble ikke vedtatt. Disse medlemmer merker seg at statsråden nå opplyser om at «Stortinget orienteres om fremdriften i arbeidet med å følge opp meldingen (...) i de årlige svalbardbudsjettene».

Disse medlemmer mener at det er i nasjonal interesse å ha et velfungerende familiesamfunn i Longyearbyen, hvor norske familier finner det attraktivt å bosette seg og bli boende over lang tid. Det er etter disse medlemmers syn viktigere at regjeringen følger opp målene fra svalbardmeldingen, enn at den allerede nå lager en ny plan.

Medlemen i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti understrekar at eit stabilt og velfungerande lokalsamfunn i Longyearbyen er avgjerande for norsk nærvær på Svalbard. Representantforslaget tar opp viktige problemstillingar, særleg knytte til busetting, infrastruktur og kostnadsnivå. Samtidig bygger

fleire av forslaga til tiltak på føresetnader som i lita grad er forankra i dagens situasjon på Svalbard. For å oppnå måla om auka stabilitet og eit styrkt samfunn bør politikken i større grad ta utgangspunkt i eksisterande strukturar, avgrensingar og busettingsmønster.

Denne medlemen meiner at forslaget om å auka innbyggartalet i beste fall er å starta i feil ende. Å auka innbyggartalet med 500 personar innan 2030 er lite realistisk utan at dei grunnleggande kapasitetsutfordringane blir løyste først. Det er allereie merkbar bustadmangel i Longyearbyen. Når regjeringa i svalbardmeldinga legg opp til eit bustadvolum på 2015-nivå, er det på eit nivå som var pressa allereie den gongen. Ein rask folketalsvekst vil forsterka desse problema, og særleg for grupper med svakare økonomi. Denne medlemen meiner det må tillatast nokon fleire bustader i Longyearbyen gitt dagens folketal, og særleg i den perioden der ein stor del av bustadene blir rehabiliterte. Samtidig må tilgangen på bustader for lengebuande innbyggjarar på Svalbard forberast i den privateigde delen av bustadmarknaden, der desse i dag blir fortrengde av korttidsutleige.

Denne medlemen fremjar derfor følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa innføra eit fleksibelt øvre tak på talet på bustader i Longyearbyen i perioden der ein stor del av bustadene blir rehabiliterte eller nybygde.»

«Stortinget ber regjeringa innføra forbod mot korttidsutleige av bustader på Svalbard.»

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet viser til at regjeringen i svalbardmeldingen ivaretar intensjonen i forslaget til representanten fra Sosialistisk Venstreparti om å ha nok bosteder for folk på Svalbard. Regjeringen skriver:

«For å kunne gjennomføre nødvendig rehabilitering av boligmassen, vil det imidlertid være behov for at boligforvalterne har noe overkapasitet. I tillegg kan det være behov for å etablere midlertidig innkvartering for å huse håndverkere mv. i de tilfeller der dette ikke kan løses ved bruk av korttidsleie av eksisterende boligmasse. Dette bør i så fall skje i regi av de statlige boligforvalterne i Longyearbyen.»

Disse medlemmer viser videre til at et forbud mot korttidsutleie er prematurt før dette er vurdert, slik at det er praktisk mulig å gjennomføre et eventuelt forbud uten utilsiktede konsekvenser.

Medlemen i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti vil framheva behovet for faste og heilårlege arbeidsplassar på Svalbard. Dette er avgjerande for å sikra ei stabil busetting. Slike arbeidsplassar må sikrast uavhengig av næring og er i utgangspunktet ikkje knytte til ei næring framfor andre. Ideen i repre-

sentantforslaget om å utvikla nye næringar som mineralutvinning og fiskemottak framstår som lite framtidsette og svakt tilpassa Svalbards rammevilkår. Det er heller ikkje behov for slike næringar i overskodelig framtid, dersom målet er tilstrekkeleg mange faste arbeidsplassar. I denne samanhengen blir ofte betydninga av eksisterande forskings- og kunnskapsmiljø undervurdert. Universitetssenteret på Svalbard (UNIS) åleine har 68 fast tilsette, der 42 av desse er norske. Dessutan består staben av tilsette frå både nasjonale og internasjonale fagmiljø. I tillegg bidrar forskingsmiljøa, inkludert Norsk Polarinstitutt, betydeleg til beredskap, kompetansebygging, rekruttering og stabil busetting.

Denne medlemen tilrår derfor å prioritera vidareutvikling av eksisterande statlege institusjonar framfor etablering av nye, små og sårbare aktørar. Slike institusjonar er mellom anna Store Norske, Statsbygg, Longyearbyen lokalstyre, Avinor, Kongsberg Satellite Services (KSAT), Norsk Polarinstitutt, Skattekontoret og Sysselmeisteren. Auka sysselsetting kan i stor grad bli oppnådd ved å flytta oppgåver frå fastlandet til allereie etablerte miljø i Longyearbyen, noko som også gir betre integrering av nye tilsette på arbeidsplassen og i lokalsamfunnet. Det bør også vurderast å redusera bruken av åremålsstillingar, då slike ordningar bidrar til høgare rotasjon enn det som er ønskeleg for eit stabilt samfunn.

Denne medlemen viser vidare til eksisterande planar om å rusta opp infrastrukturen på Svalbard og understrekar behovet for ein overordna plan med ei tydeleg tidslinje for når dei ulike delane skal settast i verk. Gjennomføringa av ein slik plan vil kunna gi aktivitet, arbeidsplassar og stabil busetting i Longyearbyen i mange år framover. I denne samanhengen er det avgjerande at oppdrag går til lokale leverandørar i staden for å henta tenester og arbeidsfolk på korte oppdrag frå fastlandet.

Denne medlemen fremjar derfor følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa leggja fram ein plan seinast i samband med statsbudsjettet for 2027 for statlege investeringar i infrastrukturen på Svalbard, medrekna bustader, energi, vatn og avløp, vegar og flyplass. Planen skal sikra oppdrag til lokale leverandørar ved å stilla krav til lokalt nærvær.»

Denne medlemen deler forslagsstillarane sitt ønske om auka butid og meir stabil busetting på Svalbard. Når det i representantforslaget blir vist til ein median på rundt 3,5 års butid for nordmenn, gir det likevel eit ufullstendig bilete av stabiliteten i samfunnet. Den låge medianen reflekterer i stor grad høg utskifting av personar med kort butid, ofte knytt til åremålsstillingar og permisjonsordningar frå fastlandet.

Denne medlemen vil også framheva ei anna side av saka. Ser ein bort frå dei kortaste opphald, aukar

både gjennomsnittleg butid og stabiliteten. Blant langtidbuande finn ein dessutan store grupper frå mellom anna Thailand og Filippinene, som i praksis har lengre butid enn mange norske arbeidstakarar. Dette utfordrar ei vanleg oppfatning om at enkelte næringar, som reiseliv, nødvendigvis inneber kort butid. Erfaringa tilseier at stabilitet i større grad handlar om rammevilkår og tilknytting til lokalsamfunnet enn om næringstilknytting åleine. Dersom styresmaktene i større grad legg til rette for å styrka eksisterande stabile arbeidsmiljø framfor å etablere nye, små statlege stillingar med åremål, vil dette sannsynlegvis også bidra til auka norsk nærvær over tid.

Denne medlemen vil vidare understreka at eit robust samfunn blir bygd gjennom stabile fagmiljø og aktive innbyggjarar. Eksisterande institusjonar bidrar i dag langt utover kjerneoppgåvene sine gjennom deltaking i frivillige organisasjonar og beredskap og i kultur- og idrettsliv. Samtidig er viktige sider ved lokalsamfunnet under press, påført av statleg politikk. Svalbard har tradisjonelt vore eit internasjonalt samfunn prega av høg tillit og lågt konfliktnivå. Ein politikk som i for stor grad vektlegg nasjonal samansetting framfor stabilitet og inkludering, kan derfor verka mot si hensikt. Eit velfungerande lokalsamfunn er i seg sjølv ein viktig del av norsk suverenitetshevdning. Nye motsetningar og klasseskilje knytt til mangelen på bustader med akseptabel standard, ulike moglegheiter til å delta i lokalsamfunnet, svekt velferdstilbod eller at menneskerettar ikkje blir oppfylte, bidrar til å svekka fellesskapet og tilliten mellom innbyggjarar og innbyggjarane sin tillit og lojalitet til Noreg.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet Dei Grøne fremjar derfor følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa gi stemmerett ved val til lokalstyret til alle innbyggjarar i Longyearbyen med minst fem års samanhengande butid.»

«Stortinget ber regjeringa sikra at retten til individuell tilrettelegging skal gjelda på Longyearbyen skule.»

Desse medlemene viser til det globale frøkvelvet på Svalbard. I ei tid der krig trugar mange stader, der folkeretten brytast nærast dagleg og multilateralt samarbeid må vike for den sterkaste sin rett, står frøkvelvet fram som eit tydeleg motstykke. Når frø frå Ukraina og Russland ligg side om side og frø frå den amerikanske såvel som den søraustasiatiske sfæren ligg verna i same kvelv, vitnar det om behov for og evne til globalt samarbeid. Frøkvelvet gir eit håp om fred i ei elles mørk tid.

På denne bakgrunn fremjar desse medlemene følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa støtte opp om den internasjonale plantetraktaten slik at fleire land på sikt vil deponere frø i kvelvet på Svalbard.»

Komiteens medlem fra Senterpartiet understreker at den sikkerhetspolitiske situasjonen er betydelig skjerpet de siste årene, med ringvirkninger også i nordområdene. Samtidig har klimaendringer, avviklingen av kulldriften på Svalbard og endringer i befolkningssammensetningen ført til nye utfordringer for samfunnsutviklingen i øysamfunnet. Dette medlem understreker behovet for norsk tilstedeværelse og mener at et stabilt og velfungerende lokalsamfunn i Longyearbyen er avgjørende for å sikre norsk nærvær på Svalbard.

Dette medlem viser til at representantforslaget langt på vei samsvarer med svalbardmeldingen og Stortingets behandling av denne.

Dette medlem mener det er behov for en konkretisering av svalbardpolitikken for å få en mer forutsigbar oppfølging av svalbardsamfunnet fra staten sin side. Målet er å styrke lokalsamfunnet og øke norskandelen og botiden på Svalbard.

Et sterkt og velfungerende lokalsamfunn er det viktigste beredskapstiltaket for Svalbard.

Dette medlem mener både fornying av boligmassen og oppgradering av infrastruktur vil kreve arbeidskraft og tilsier en mer fleksibel tilnærming til innbyggertallet.

Stortinget ber regjeringen i løpet av 2027 legge frem en oppdatert handlingsplan for Svalbard, for å sikre utbedring av infrastruktur, styrke beredskapet og å utvikle et sterkere lokalsamfunn.

Dette medlem fremmer derfor følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2027 legge frem en oppdatert plan for Svalbard, som skal legge opp til økt innbyggertall, reduserte bo- og levekostnader, fornying av infrastrukturen, styrket beredskap og et sterkere lokalsamfunn.»

Forslag fra mindretall

Forslag fra Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa gi stemmerett ved val til lokalstyret til alle innbyggjarar i Longyearbyen med minst fem års samanhengande butid.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringa sikra at retten til individuell tilrettelegging skal gjelda på Longyearbyen skule.

Forslag 3

Stortinget ber regjeringa støtte opp om den internasjonale plantetraktaten slik at fleire land på sikt vil deponere frø i kvelvet på Svalbard.

Forslag fra Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 4

Stortinget ber regjeringa innføra eit fleksibelt øvre tak på talet på bustader i Longyearbyen i perioden der ein stor del av bustadene blir rehabiliterte eller nybygde.

Forslag 5

Stortinget ber regjeringa innføra forbod mot korttidsutleige av bustader på Svalbard.

Forslag 6

Stortinget ber regjeringa leggja fram ein plan seinast i samband med statsbudsjettet for 2027 for statlege investeringar i infrastrukturen på Svalbard, medrekna bustader, energi, vatn og avløp, vegar og flyplass. Planen skal sikra oppdrag til lokale leverandørar ved å stilla krav til lokalt nærvær.

Forslag fra Senterpartiet:

Forslag 7

Stortinget ber regjeringen senest i forbindelse med statsbudsjettet for 2027 legge frem en oppdatert plan for Svalbard, som skal legge opp til økt innbyggertall, reduserte bo- og levekostnader, fornying av infrastrukturen, styrket beredskap og et sterkere lokalsamfunn.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av medlemmene i komiteen fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet, Høyre, Sosialistisk Venstreparti, Rødt, Miljøpartiet De Grønne, Kristelig Folkeparti og Venstre.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til representantforslaget og rå Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

Dokument 8:130 S (2025–2026) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Geir Pollestad, Trygve Slagsvold Vedum, Bjørn Arild Gram og Bent-Joacim Bentzen om Svalbard – vedtas ikke.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 5. mai 2026

Peter Frølich

leder

Nils-Ole Foshaug

ordfører

